



KOPI

Alver kommune ved landbruksavdelinga  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: Kjartan Nyhammer  
Vår: 20/2936 - 20/24906

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.06.2020

## Rammeløyve for etablering av jordtippar/planeringsfelt - gbnr 415/2, 415/3, 415/5, 415/7, 415/8, 415/9, 415/10 og 415/47 - Nordanger

**Administrativt vedtak:** Saknr: 461/20  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søkjar:** Vestland fylkeskommune  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve rammeløyve for etablering av 2 planeringsfelt i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og terrengprofil mottatt 31.03.2020, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Arbeidet skal utførast i samsvar med vedtak etter forskrift om forureining og forskrift om nydyrking datert 15.05.2020 i arkivsak 20/6578.
3. Søknaden gjeld berre reine massar frå anleggsarbeidet knytt til fylkesvegprosjektet Soltveit – Sletta.
4. Det skal etablerast kontrollsystem for å sikra og dokumentera at massane ikkje er forureina.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Anleggsveg/landbruksveg vera omsøkt og godkjend av landbruksavdelinga.
2. Nødvendige ansvarsrettar for prosjektering, utføring og eventuell uavhengig kontroll.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket skal vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

## Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av 2 jordtippar/planeringsfelt på Nordanger på Radøy som skal ta imot overskotsmassar frå fylkesvegprosjektet Soltveit – Sletta.

Vestland fylkeskommune er søkjar, og prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken. Formålet med tiltaket er å bruka overskotsmassane til å nydyrka og/eller oppgradera areala til fulldyrka eller overflatedyrka jord i tråd med krava i AR5. Dyrkinga skal skje gjennom planering og terrengheving med bruk av tilkøyrde jordmasser frå bygginga av ny fylkesveg over Radøy. Det er berekna å vera overskot av jord- og steinmassar på totalt 225 000 m<sup>3</sup>.

Felt 1 er på ca. 35 dekar og berører eigedomane gbnr 415/10, 415/9, 415/8, 415/7, 415/5, 415/3, 415/2 og 415/47. Volumet som skal fyllast opp er angitt til om lag 130 000 m<sup>3</sup>. Planlagt påfyllingshøgde er angitt til 2-4 meter. Det skal etablerast anleggsveg/landbruksveg langs kanten av feltet.

Felt 2 er på ca. 48 dekar og ligg i sin heilskap inne på eigedomen gbnr 415/10. Planlagt påfyllingshøgde er oppgitt til i gjennomsnitt 1,5 meter. Felt 1 skal først fyllast opp. Dersom det er trong for det vil resten av massane verta fylt på felt 2.


Anleggsstart er oppgitt til haust 2020 og anleggsperioden vil strekka seg over 3 år. Jordmassane skal så liggja for å få setja seg før ferdigstilling kan skje. Fylkeskommune skal setja av kr 30 000,- pr. daa for å sikra slutføring av arbeidet.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.01.2020, med supplerande dokumentasjon mottatt 31.03.2020 og 30.04.2020.

## Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 31.03.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato, dvs 22.06.2020.

## Kart



Felt 1 ligg lengst aust og felt 2 mot vest. Raud strek viser trase for planlagt anleggsveg/landbruksveg og grøn strek viser eksisterande landbruksveg. Trase for ny fylkesveg ligg lengst aust i biletet og er vist med blå/svart farge.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Radøy 2011 – 2023 delrevisjon 2019 sin arealdel er definert som LNF-føremål.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på høyring til Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Statens vegvesen og Alver kommune si kulturavdeling.

Fylkesmannen i Vestland har gitt uttale i skriv datert 21.04.2020. Dei skriv:

*«Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.*

*Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.*

*Etter det vi kan sjå ser dette eit omfattande tiltak, som vil gå over fleire år. Område for jordtippene vil ikkje kunne nyttast som LNF-område i denne perioden. Fylkesmannen meiner difor i utgangspunktet at både jordtippar og vegane treng midlertidig dispensasjon frå LNF-formålet. Kommunen må også vurdere om tiltaket kan få vesentleg verknad på miljø og samfunn og om det difor er krav om reguleringsplan for tiltaket jf. pbl. § 12-1 tredje ledd.*

## Naturmangfald

*Tiltaket omfattar etablering av jordtipp i myrområde og inngrep i bekkedrag. Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket ikkje er tilstrekkeleg utgreidd og viser ikkje konsekvensane på naturmangfald jf. naturmangfaldlova § 8.*

*Det må nemnast at forbod mot nydyrking av myr ligg an til å bli vedteke om kort tid, mellom anna som følgje av svært negative konsekvensar for naturmangfald og utslepp av klimagassar. Vi meiner det må vurderast kva effekt tiltaket har på klimaet.*

## Forureining

*Slik vi forstår saka er formålet med utfyllinga å gjere bratt eller kupert dyrkbart areal skikka for maskinell jordbruksdrift, også kalla bakkeplanering. Slik disponering av overskotsmassar er rekna som gjenvinning av avfall og ikkje deponering. Vi forutsett då at det er behov for massane til å forbetre jordbruksareal, og at det blir brukt til jordbruk i ettertid. Om det berre er snakk om deponering utan nyttig formål, vil det være definert som et deponi. Den ansvarlege for drifta må i tilfelle avklare med Fylkesmannen om tiltaket krev løyve etter avfallsregelverket.*

*Dersom saka gjeld bakkeplanering, skal kommunen handsame saka etter forureiningsforskrifta kapittel 4 om planeringsfelt. Vi rår i så fall til at kommunen stiller krav om at det berre kan brukast masser frå bygging av ny fylkesveg over Radøy, driftstid i tre år frå haust 2020, etablering av mottakskontroll og hindre tilkomst, og at det skal etablerast flaumvollar og*

sedimenteringsbasseng for å hindre partikkelavrenning til vassdrag, dimensjonert for maksimal nedbør.

Vi kan ikkje sjå at det er berekna volum på massane i område 1 og etterlyser dette.

### Landbruk

Fylkesmannen ser det i utgangspunktet som viktig å kunne bruke overskotsmassar frå vegbygging til samfunnsnyttige tiltak som t.d. nydyrking eller oppgradering av beite til fulldyrka jord. Mykje av jordbruksarealet i heile dette området ber preg av svak drift og tiltakande attgroing (jf. kart/flyfoto i Fylkesatlas). Men i utgangspunktet er her relativt store og samanhengande jordbruksareal (mest overflatedyrka jord og innmarksbeite) i området sør og aust for Radøyvegen. Busetnaden ser ut til å vere knytt til gardsbruka, og det er lite infiltrasjon av frådelt tomter eller andre inngrep. Med ei fornuftig avgrensing mot myrareala i sørvest, så kan området vere eigna for deponering av jordmassar, forutsett at dette er vurdert opp mot miljøomsyn og andre interesser. Det er viktig at kommunen stiller konkrete vilkår til ein ev. dispensasjon, som sikrar at jordtippane faktisk vert opparbeidde til areal for grasproduksjon når anleggsperioden er over.

### Konklusjon

Forutsett at det vert sikra at områda vert opparbeida som dyrka mark etter deponering, meiner vi tiltaket er positivt for landbruksinteressene i området. Når det gjeld naturmangfald meiner vi det er uklart kva verknad tiltaket vil få.

Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket er omfattande og vil krevje midlertidig dispensasjon frå LNF-formålet for heile tiltaket. Vi meiner også at tiltaket kan vere reguleringspliktig. Ein eventuell dispensasjon i saka krev gode vilkår for å sikre at områda vert opparbeida og nytta til landbruk og sikrar mot uheldig avrenning. Før ein eventuell dispensasjon må verknad for naturmangfald, vassdrag og klima vurderast og vere ein del av grunnlaget for vedtaket. Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Kulturavdelinga i Alver kommune har gitt uttale i skriv datert 15.05.2020. Dei skriv:

«Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om etablering av jordtippar på gbnr 415/10 m.fl. Nordanger datert 29. april 2020.

Eg kan ikkje sjå at omsøkte jordtippar kjem i konflikt med friluftslivsinteresser. Det er ynskjeleg at landbruksvegar kan nyttast også av turgåarar etter anleggsperioden. Dersom dei skal sperrast av med bom eller liknande bør det vera mogleg å passera med barnevogn og rullestol.

Tiltaket råkar ikkje ved registrerte kulturminne.»

### **Løyve etter forureiningsforskrifta og forskrift om nydyrking**

Landbruksavdelinga har i administrativt vedtak saknr. 512/20 datert 15.05.2020 gitt løyve til etablering av omsøkte jordtippar i samsvar med forskrift om nydyrking og forureiningsforskrifta kap 4, Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan og terrengprofil mottatt 31.03.2020.

Gjennomsnittleg planlagt påfyllingshøgde er oppgitt til 2-4 meter for felt 1 og 1,5 meter for felt 2.

### **Tilkomst og avkøyrsløse**

Tilkomst til planeringsfeltet skal skje ved etablering av anleggsveg/landbruksveg med breidde 4 meter. Vegen skal etablerast innanfor anleggsvegstraseen på 15 meter som er vist på kartet. Vegen vil verta handsama som eiga sak etter forskrift om landbruksvegar.

Tilkomst til planeringsfeltet vil skje internt på anleggsområdet knytt til ny fylkesveg slik at det truleg ikkje vil vera nødvendig med avkøyringsløype frå offentleg veg.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av planeringsfelt og trase for anleggsveg/landbruksveg. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **VURDERING**

Kommunen vurderer at tiltaket er i samsvar med gjeldande plan. Planeringsfeltet gjeld forbetring av areal som allereie er i bruk til landbruksføremål og vil gje aktive bønder i området meir og betre jordbruksareal.

Planeringa vil skje ved trinnvis utbygging der felt 1 skal fyllast opp først og der felt 2 skal takast i bruk dersom det er nødvendig. Heile arealet som er sett av til føremålet vil såleis ikkje vera i bruk samstundes. Det er også i vedtaket etter forureiningsforskrifta og forskrift om nydyrking sett krav om at areala skal såast til etter kvart og haldast grøne i den grad det er mogleg.

Kommunen har vurdert at det ikkje er nødvendig å setja krav om utarbeiding av reguleringsplan. Vi har i vurderinga lagt til grunn at tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget, og at dokumentasjonen som ligg ved søknaden og den behandlinga av saka som er gjort etter nydyrkingsforskrifta og forureiningsforskrifta (bakkeplanering) i varetek dei omsyn og avklaringar som ein reguleringsplan skal sikra.

Vi viser her til ytre miljøplan (YM) for heile veganlegget. Den omfattar registrering, vurdering og mål for ulike miljøpåverknad som støy, vibrasjon, luftforureining, forureining av jord og vann inkludert beskyttelse av vassførekomstar (grunnvatn, innsjø, bekk, elv, våtmark, myr, etc.) og grunn (lausmassar/jord, berggrunn, deponi) mot utslepp, utvasking eller flytting av forureinande stoff som kan påverka vasslevande og jordlevande organismar (flora, fauna, etc.) kjemisk tilstand, og eigenskapar som reduserer moglegheiter for framtidig bruk, landskapsbilete, nærmiljø, friluftsliv, kulturmiljø, kulturminne og energibruk. Denne gjeldt og for arealet som er avsett til jordtipp. Ved gjennomføring av prosjektet skal entreprenøren følgja dei miljøfaglege kvalitetskrava, og for arbeidet med planeringsfeltet.

Vi vurderer at forholdet til landskap, forureining og naturmangfald er tilstrekkeleg ivaretatt gjennom ytre miljøplan. Det er i vurderinga også lagt vekt på at det ikkje er kjende kulturminner eller friluftsinteresser som vert råka. Planeringsfeltet ligg skjerna frå veg og bebyggelse i området slik at ulemper for omgjevnadane vil vera reduserte. I tillegg ligg planeringsfeltet nært opptil anleggsområdet og transport kan skje direkte frå anleggsområdet



og inn på anleggsveg/landbruksveg utan å gå via offentleg veg. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar og grunneigarane er positiv til tiltaket.

Det er opplyst at det berre skal nyttast reine massar, og at byggherre og entreprenør skal etablere kontrollsystem for å sikra og dokumentera dette. Moglegheit for forureina massar skal vurderast på kvar uttaksplass i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 2 og det same gjeld for førekomstar av framande artar.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Før tiltaket kan starta må anleggsvegen/landbruksvegen vera godkjend av kommunen.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det vert lagt til grunn at nødvendige avtalar med grunneigar er inngått før arbeidet tek til slik skildra i søknaden og at nødvendige privatrettslege forhold er avklart.

### **Ansvar og roller**

Vestland fylkeskommune er både ansvarleg søkjar og tiltakshavar i prosjektet. Norsk landbruksrådgivning Vest har planlagt tiltaket. Det ligg berre føre søknad om ansvarsrett for ansvarleg søkjar. Kommunen vil derfor berre kunne gje rammeløyve for tiltaket. Nødvendige ansvarsrettar for prosjektering, utføring og eventuell uavhengig kontroll må liggja føre før det vert gitt igangsetjingsløyve.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein

ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/2936**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 3 - kart og profilar

Godkjenning av to jordtippar på Nordanger GBNR 4152,3,5,7,8,9,10 og 47 etter nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta

#### **Kopi til:**

Alver kommune ved landbruksavdelinga	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland Statens vegvesen	Njøsavegen 2 Postboks 1010 Nordre Ål	6863 2605	LEIKANGER LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

#### **Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------